



Vestland
Arbeidarparti



ENDELEG FORSLAG FRÅ PROGRAMNEMNDA

Valprogram for Vestland Arbeidarparti 2023-2027

2	Trygg styring i ei krevjande tid	3
3	<i>Om Vestland lukkast, lukkast Norge</i>	3
4	<i>Seks visjonar for Vestland</i>	4
5	<i>Eit Vestland for framtida</i>	5
6	Opplæring og kompetanse – ein inkluderande fellesskule	6
7	<i>Vidaregåande opplæring</i>	6
8	<i>Fleire fagarbeidarar med høg kompetanse</i>	8
9	<i>Fagskulen for framtidige fagarbeidarar</i>	9
10	<i>Regional kompetansepolitikk: Lære heile livet</i>	10
11	Samferdsle og infrastruktur	10
12	<i>Vegnettet</i>	11
13	<i>Eit kollektivtilbod for framtida</i>	12
14	<i>Sjøtransport og luftfart</i>	13
15	Næringsliv og arbeidsliv	14
16	<i>Eit seriøst arbeidsliv for alle</i>	14
17	<i>Utvikling og omstilling av næringsliv og industri</i>	15
18	<i>Landbruk, reiseliv og havbruk</i>	16
19	Energi, klima og miljø	17
20	Kultur, idrett og frivilligheit	18
21	<i>Kultur og språk</i>	18
22	<i>Kulturmiljø og fartøyvern</i>	20
23	<i>Idrett og friluftsliv</i>	20
24	<i>Frivilligheit og demokrati</i>	21
25	<i>Inkludering og mangfold</i>	21
26	God tannhelse for alle	22
27	Trygg styring for eit sterkare Vestland	23

28

29 Trygg styring i ei krevjande tid

30 Arbeidarpartiet sine kjerneverdiar er **fridom, likskap og solidaritet**. Fridom for
31 nokre skal ikkje avgrense fridomen for andre. Alle skal ha moglegheita til å lukkast,
32 uavhengig av kvar du bur, kor du kjem frå, kva du trur på eller storleiken på
33 lommeboka di.

34 I 2022 gjekk verda inn i ei ny krisetid med krig i Europa. Etterdønningane etter
35 koronakrisa og krigen i Europa har medført dyrtid og inflasjon, noko som òg påverkar
36 oss. Framtida er meir usikker enn før.

37 I krisetid og omstilling er det avgjerande å skape tryggleik for arbeid og velferd. For
38 oss er arbeid, velferd og klima dei viktigaste prioriteringane. Historia viser at like
39 moglegheiter, små skilnadar mellom folk og høg tillit er avgjerande for å handtere
40 kriser slik at vi kjem sterkare ut på andre sida. Difor er vi sosialdemokratar.
41 Arbeiderpartiet står for trygg styring og framtidsretta løysingar. Vi håpar på di støtte
42 til å styre Vestland også dei neste fire åra.

43 Om Vestland lukkast, lukkast Norge

44 Norge og verda står overfor fleire store utfordringar. Ulikskapen veks, og skilnaden
45 mellom fattige og rike aukar. Klimakrisa er her og har store konsekvensar for oss her
46 vest med meir nedbør, ras, tørke og eit varmare hav. Vi kjenner allereie på følgjene
47 no, men det er dei framtidige generasjonane som vil kjenne det mest.

48 Vestland er eit Norge i miniatyr. Bergen er storbyen med folkerike nabokommunar
49 rundt. Langs kysten har vi små og store lokalsamfunn som lever av havet, og ved
50 fjordane våre har vi fleire byar og tettstadar. Vi har ein vakker natur med kyst, fjordar,
51 fjell og vatn. Vestland har utfordringane og moglegheitene som heile Norge har.

52 For å skape like moglegheiter for alle og ein sterk offentleg velferdsstat, må vi sikre
53 auka grøn verdiskaping basert på vårt naturgitte potensiale i Vestland. Løysinga er å
54 skape for å dele, samtidig som vi kuttar klimagassutslepp.

55 Det er naturressursane våre som har skapt grunnlaget for det mangfoldige
56 næringslivet i Vestland. Verksemder innan verftsindustri, olje og gass,
57 prosessindustri, fornybar energi, reiseliv, landbruk, fiske og oppdrett er sentrale for
58 verdiskapinga i Vestland.

59 Petroleumsnæringa har teke Norge inn i ein gullalder, både med rikdom og med
60 kompetanse. I framtida må vi redusere oljeproduksjonen vår. For å sikre overgangen
61 skal vi skape den nye grøne industrien på skuldrene av den gamle. Norge må og
62 skal vere ein sterk industrinasjon med verdsleiande kompetanse også i framtida.

63 For å klare omstillinga, må vi ha ein inkluderande fellesskule for alle. Lærarane skal
64 ha tillit til å utøve yrket sitt, og elevane skal møte ein skule med rom til å sjå kvar
65 einskild. Alle skal ha moglegheitene til å lukkast, anten det er med meisterbrev eller
66 mastergrad.

67 Vi skal fortsette satsinga på yrkesfaga og sikre at alle som er kvalifisert, får
68 læreplass. Samarbeidet med næringslivet må styrkast, og vi skal skape fleire
69 moglegheiter til yrkesfagleg høgare utdanning. Elevane skal vere klare i møte med
70 arbeidslivet og studentlivet.

71 Vegane våre skal vere trygge og binde Vestland saman. Kollektivtilbodet skal
72 utviklast slik at det er tilpassa livet i både by og land. Det skal vere trygt og effektivt å
73 ferdast i Vestland på ein miljøvenleg måte.

74 Ved å sikre ein inkluderande fellesskule og bygge eit næringsliv basert på våre
75 naturgitte føresetnader, skal vi skape for å dele. Med eit næringsliv i vekst, kan vi
76 sikre velferda til fleire og klare klimaomstillinga. Vestland er eit spegelbilete av
77 Norge. Om Vestland lukkast, lukkast Norge.

78 **Seks visjonar for Vestland**

79 Overordna for programmet vårt er visjonane for eit sterkare og meir inkluderande
80 Vestland. Desse visjonane vil gjenspegle heile programmet vår, og vere ei rettesnor
81 for alle avgjersler vi tar i perioden.

82 **Vestland Arbeidarparti sine seks visjonar er at:**

- 84 Alle ungdomar skal gjennomføre vidaregåande opplæring med vitnemål
85 eller fagbrev. Ingen skal ufrivillig stå utanfor arbeid, skule eller anna
86 opplæring.
- 87 Næringslivet og det offentlege har tilgang på nok arbeidskraft og
88 kompetanse, og at Vestland har eit seriøst og organisert arbeidsliv.
- 89 Vi skal nå klimamåla om 55% utsleppskutt, innan 2030, og
90 fylkeskommunen skal vere klimanøytral.
- 91 Industrien og næringslivet i Vestland skal utvikle grøne teknologiske
92 løysingar for heile verda, og sikre kommersiell produksjon av nye
93 teknologiar i eigen region.
- 94 Kulturlivet, idretten og frivilligheita skal blomstre med eit mangfold av
95 uttrykk, idrettsgreiner og organisasjonar som gir plass til alle.
- 96 Fylkesvegane våre skal vere trygge og binde fylket godt saman.

99 **Eit Vestland for framtida**

100 Dei store utfordringane løyser vi best om alle delar av samfunnet bidreg til å gjere
101 folk sine liv betre. For Vestland Arbeidarparti er klimakrisa og ulikskapskrisa dei to
102 store overordna utfordringane vi står overfor. Klimapolitikk og politikk for å utjamne
103 sosiale skilnader blir såleis ein raud tråd i programmet innanfor alle område.

104

105 Gjennom folkehelsearbeidet vil vi styrke den psykiske og fysiske helsa til
106 innbyggjarane våre og arbeide for betre levekår og mot sosial ulikskap. Sosial-,
107 helsemessig- og økologisk berekraft vil vere grunnprinsippa i det politiske arbeidet
108 vårt.

109

110 For å løyse dei store samfunnsutfordringane må vi samarbeide på tvers av det
111 offentlege, private og frivillige. Fylkeskommunen må vere ein medspelar for å skape
112 berekraftige samfunn i by og bygd. Gjennom gode samarbeid skaper vi det beste
113 samfunnet.

114 Om du bur i Bremanger, på Bømlo eller i Bergen, skal du kunne leve eit godt liv.
115 Saman skal vi skape det leiande verdiskapingsfylket, vere det beste folkehelsefylket
116 og skape ei inkluderande framtid for alle.

117 Vestland fylkeskommune skal kjempe for eit styrka Vestland opp mot nasjonale
118 styresmakter.

119 Slik skal vi, saman med kommunane, styrke Vestland som den leiande regionen i
120 Norge.

121 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 122 • Følgje FNs berekraftsmål i politikkutforminga og ha klima, natur, folkehelse
123 og sosial utjamning som ramme rundt all politikk.
- 124 • Aktivt samarbeide med kommunar, næringsliv og sivilsamfunn for å utvikle
125 Vestland.
- 126 • Sikre at Vestland blir ein sterk motpol mot det sentrale austlandet.
- 127 • Vere eit talerøyr for kommunar, næringsliv, kulturliv og frivilligheit mot
128 nasjonale styresmakter.
- 129 • Berekraft, klima og naturmangfold skal vere førande i regionale planar og
130 ved innspel til lokale og statlege planar.

131

132

133 **Opplæring og kompetanse – ein inkluderande fellesskule**

134

135 Alle skal kunne lukkast uavhengig av kven ein er. Skulen er ein viktig arena for
136 utjamning av forskjellar mellom elevane. Skulen er også avgjerande for å sikre
137 næringslivet kompetanse og arbeidskraft. Det gjer ein med god yrkesopplæring og
138 høgare yrkesfagleg utdanning.

139

140 Arbeidarpartiet vil styrke den offentlege fellesskulen gjennom auka kvalitet i
141 opplæringa, sikre gratisprinsippet og betre velferda for elevane. Målet er at alle
142 elevar skal fullføre vidaregående opplæring.

143

144 **Vidaregåande opplæring**

145

146 Det skal vere trygt og motiverande å gå på skulen. Vi treng gode bygg med
147 universell utforming, oppdatert undervisningsmateriell og kvalifiserte lærarar. Dette
148 skaper læring, trivsel og motivasjon.

149

150 Prinsippet om at den offentlege skulen sikrar like moglegheiter for alle er
151 grunnleggjande for Arbeidarpartiet sin skulepolitikk. Difor ønskjer vi ikkje fleire
152 privatskular.

153

154 Læraren er den viktigaste ressursen for den einskilde eleven si læring og må difor få
155 tillit og høve til å utøve yrket sitt. Elevane treng å oppleve meistring og trivsel på
156 skulen. Dette er viktige faktorar for læring og god fysisk og psykisk helse. Difor må vi
157 styrke den tverrfaglege innsatsen rundt elevane med mellom anna psykososial
158 kompetanse og miljøarbeidrarar. Vi må og betre samarbeidet mellom den kommunale
159 helsetenesta, skulehelsetenesta og dei vidaregåande skulane.

160

161

162 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- Vidareføre bruken av inntaksregionar i Vestland for å sikre retten til å gå på
ein skule nær der ein bur.
- Sikre eit godt vidaregåande opplæringstilbod for elevane i heile fylket, dette
inneber ein berekraftig balanse mellom ein desentralisert skulemodell og eit
variert programtilbod.
- Vidareutvikle Nettskulen i Vestland for å sikre mangfoldige opplæringstilbod i
heile fylket.

170

171

172

- Vidareføre retten til å fullføre skuleløpet på den skulen ein har starta på.
- Sikre gode økonomiske rammer for skulane, og seie nei til stykprisfinansiering.
- Vidareføre tilbodet om gratis skulefrukost på alle vidaregåande skular i Vestland.
- Sikre at elevane skal ha tilgang til fysiske læremiddel. Det digitale skal vere eit supplement. Læremiddel skal vere på begge målformer i tide til skulestart.
- Arbeide for rimelegare skule-PC ar og sikre at andre læremiddel ein treng i vidaregåande skule skal vere gratis.
- Sikre at elevar som er i ferd med å falle ut av skuleløpet skal ha rett til god oppfølging, både sosialpedagogisk oppfølging og frå rettleiingstenesta.
- Sikre tilstrekkelege ressursar til elev-, lærling- og mobbeomboda.
- Styrke rådgjevingstenesta i den vidaregåande skulen, blant anna gjennom kompetanseutvikling for dei tilsette, betre kartleggingsverktøy og samarbeid med arbeidsliv og med karrieresenter.
- Styrke laget rundt eleven ved å opprette eigne miljøteam eller miljøkoordinatorar, og ha god psykososial kompetanse på alle vidaregåande skular.
- Arbeide for at kommunane skal ha fleire helsejukepleiarar på dei vidaregåande skulane, då helsejukepleiarar er eit kommunalt ansvar.
- Seie nei til etableringa av nye privatskuluar med offentleg finansiering, og nei til utviding av eksisterande kommersielle privatskuluar.
- Dei vidaregåande skulane skal vere opne for politiske ungdoms- og interesseorganisasjonar.
- Sikre at hybelbuarar har trygge og gode vilkår i og utanfor skuletida, ved å mellom anna opprette eigne trivselstiltak og ha eigne miljøkoordinatorar.
- Oppretthalde produksjonskulane i Vestland og sikre framtidig finansiering i samarbeid med staten.
- Sikre at skular og offentlege fellesareal skal vere universelt utforma.

203 Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:

- Gjere konsesjonar til privatskuluar med offentleg finansiering tidsavgrensa, og syte for at desse blir sett i samanheng med den offentlege skulestrukturen. Fylkeskommunen må ha større påverknad på etableringa av og strukturen på dei private skulane.
- Fjerne den offentlege støtta til kommersielle privatskuluar på sikt.
- Innføre alternative eksamensformer som i større grad kan syne den einskilde eleven sin kompetanse.
- Auke stipenda til elevane for å sikre gratisprinsippet i vidaregåande skule, også for dei som bur på hybel.

215

216 **Fleire fagarbeidrarar med høg kompetanse**

217 For å løyse utfordringane som kjem i framtida, vil ein ha bruk for mange fleire
218 utdanna fagarbeidrarar. Vi vil arbeide for at trenden med at fleire vel yrkesfag, held
219 fram, og vi vil sikre at fagprogramma til ei kvar tid er relevante for arbeidslivet. Alle
220 som er kvalifiserte til å få ein lærepllass, skal få det.

221
222 Dei vidaregåande skulane skal ha godt opplæringsmateriell. Den teknologiske
223 utviklinga krev at det offentlege har godt samarbeid med næringslivet, mellom anna
224 gjennom samarbeid om moderne opplæringsutstyr. Yrkesfaga skal tilpassast
225 næringslivet sitt behov for arbeidskraft i framtida, og elevane skal vere best mogleg
226 førebudde på krava dei vil møte som lærlingar.

227

228 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 229 • Innføre ein læreplassgaranti, slik at alle elevar som er kvalifiserte får
230 lærepllass.
- 231 • Sikre YSK-linjene, og vurdere å opprette fleire klassar i fleire delar av fylket.
- 232 • Auke gjennomføringa på yrkesfag ved at fleire går ut i lære, mellom anna ved
233 at fleire kan få praksisopphald i løpet av skulegangen
- 234 • Arbeide for å auke talet elevar som tar fagbrev slik at færre elevar går over på
235 påbygg før fullført fagbrev.
- 236 • Arbeide for meir varierte studiespesialiserande løp, som
237 studiespesialiserande programfag innan helsefag.
- 238 • Samarbeide med lokalt næringsliv for å utdanne relevant arbeidskraft for
239 næringslivet og for å sikre at lærlingane har erfaring med utstyret dei skal
240 nytte i arbeidslivet.
- 241 • Arbeide for å opprette klasser der ulike faggrupper kan ta fellesfag på skulen,
242 og ta resten av opplæringa i bedriftene.
- 243 • Arbeide for at fagarbeidrarar kan ta bachelor- og masterutdanning gjennom Y-
244 vegen. Dette gjeld særleg innan helsefag og tekniske fag.
- 245 • Arbeide mot kommunane for å sikre fleire læreplassar i offentleg sektor,
246 særleg innanfor velferdsyrka, og at det er samsvar mellom tilgjengelege
247 læreplassar og skuleplassar.
- 248 • Dimensjonere yrkesfagtilboda slik at dei samsvarer med tilgjengelege
249 læreplassar.
- 250 • Utvide individuelt tilpassa skuletilbod for ungdomar med alvorlege psykiske
251 vanskar til òg å omfatte yrkesfaglege tilbod.

252

253

254

255

256
257
258
259
260
261
262
263

Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for:

- At nasjonalt senter for yrkesfag blir plassert i Vestland, i godt samarbeid med dei vidaregåande skulane, fagskulen og universitets- og høgskulemiljøa.
- At fylkeskommunane får ekstratilskot for å opprette YSK-linjer.

264 **Fagskulen for framtidige fagarbeidrar**

265 Fagskulen gir moglegheiter til fagarbeidrarar som vil vidareutdanne seg. Fagskulen
266 gir høgare yrkesfagleg utdanning, og er avgjerande for å imøtekommе
267 kompetansebehovet i framtida. Det er kompetansen hos dei tilsette som er det
268 største konkurransefortrinnet i norsk næringsliv. Kombinasjonen av praktisk og
269 teoretisk kompetanse er noko av det viktigaste industrien og næringslivet elles treng,
270 og fagskulen er sentral for å sikre næringslivet rett kompetanse for framtida.

271
272 Det er viktig at fagskulen får den anerkjenninga den fortener, som eit godt alternativ
273 til høgare akademisk utdanning.

274
275 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- Vere ein aktiv eigar og ha fagtilbod på Fagskulen i Vestland som er relevante for arbeidslivet.
- Legge til rette for kortare utdanninger og høve til å kombinere utdanning med arbeid.
- Styrke utdanningstilboda ved fagskulane og legge til rette for fleksible løysingar der utdanninga kan gjennomførast desentralisert og i tilpassa modular.
- Informere om tilbod om høgare yrkesfagleg utdanning gjennom kampanjar retta mot ungdomsskular og yrkesfagselevar i vidaregåande skule.
- Sikre at fagskulestudentane sine studentrettar vert likestilt~~e~~ med universitets- og høgskulestudentane sine rettar.

287
288 **Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:**

- Auke statusen til fagskuleutdanninga.
- Auke den statlege finansieringa av fagskulane i Norge.

291
292
293
294
295
296

297

298 **Regional kompetansepolitikk: Lære heile livet**

299 Det vil bli vanlegare i framtida at ein skiftar jobb oftare. Arbeidslivet er heile tida i
300 endring og dette medfører at fleire må omskulere seg og ta vidareutdanning for å ha
301 den kompetansen arbeidslivet treng. Slik sikrar vi at fleire blir inkluderte i
302 arbeidslivet, og vi sikrar eit sterkt og konkurransedyktig næringsliv. Difor må
303 prinsippet om å lære heile livet bli grunnleggande for opplæringspolitikken.
304 Utdanning og livslang læring må vere tilgjengeleg der folk bur.

305

306 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 307 • Styrke tilbodet om etter- og vidareutdanning for alle yrkesgrupper i nært
308 samarbeid med partane i arbeidslivet og
309 vaksenopplæringsorganisasjonane/studieverbunda.
- 310 • Samarbeide med staten i utviklinga av desentraliserte utdanningssenter, slik
311 at fleire kan ta utdanning i nærleiken av der dei bur, samstundes som dei er i
312 arbeid.
- 313 • Samarbeide med Fagskulen i Vestland, Universitetet i Bergen og Høgskulen
314 på Vestlandet om korleis betre legge til rette for å ta fag uavhengig av
315 bachelor- og masterløp.
- 316 • Samarbeide med staten om yrkesfagleg rekvalifisering med oppdatert og
317 formalisert kompetanse til både arbeidstakarar og arbeidsgjevarar.

318

319 **Samferdsle og infrastruktur**

320 Vestland Arbeidarparti sitt overordna mål er å legge til rette for gode liv, busetting og
321 verdiskaping i heile fylket. Vestland er eit fylke med store moglegheiter; samstundes
322 som vi står vi også overfor utfordringar knytt til folkevekst, omstilling av næringslivet
323 og det å nå ambisiøse klimamål.

324

325 Vestland Arbeidarparti legg nullvisjonen om at ingen skal døy eller verta hardt skadd
326 til grunn for samferdslepolitikken.

327

328 **For Vestland Arbeidarparti er difor dei overordna måla for 329 samferdslepolitikken:**

330

- 331 • Å prioritere liv og helse.
- 332 • Å sikre gode, trygge og framkommelege vegar.
- 333 • Å kutte utslepp for å løyse klimakrisa.
- 334 • Å utvikle attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar som sikrar
335 konkurransekrafta i Vestland.

336 **Vegnettet**

337

338 Gode, trygge og framkommelege vegar er avgjерande for at Vestland skal vere
339 attraktivt for både busetnad og næring. På fylkesvegane er det utfordringar med
340 utrygge, rasutsette vegar og eit stort vedlikehaldsetterslep. I tillegg er køproblem,
341 ferjer og andre barrierar ei avgrensing for næringsliv og utvikling av attraktive
342 lokalsamfunn i Vestland.

343

344 Vestland Arbeidarparti vil difor prioritere liv og helse, naudsynt vedlikehald og
345 realisering av økonomisk fornuftige ferjeavløysings- og innkortingsprosjekt eller auke
346 i ferjekapasiteten. Vegutbygging skal bidra til målsettinga om kutt i klimagassutslepp
347 og vern av sårbar natur.

348

349 Riks- og europavegane spelar også ei avgjerande rolle for å knyta fylket vårt saman
350 internt og med andre regionar nord, sør og aust for oss. Vi forventar at staten
351 prioriterer å bygge ut eit trygt, rassikkert, tenleg og effektivt overordna vegnett i fylket
352 vårt. Det vil styrke busetting, konkurranseskraft og legge til rette for den store
353 omstillinga vi skal gjennom i åra som kjem.

354

355 Det hastar med å få på plass et trygt og effektivt vegnett i Bergensregionen, for å
356 redusere kø, betre beredskap, redusere klimagassutslepp og nå nullvisjonen om
357 hardt skadde og drepne i trafikken.

358

359 **Arbeidarpartiet vil:**

- Prioritere rassikring, trafikktryggleik, trygge skulevegar og nødvendig vedlikehald på fylkesvegnettet.
- Vere ein pådrivar for å avløyse eller korte inn ferjesamband der dette er økonomisk fornuftig for fylkeskommunen.
- Sikre at større samferdsleprosjekt bidreg til regional verdi- og jobbskaping.
- Styrke krav til klima og innovasjon i fylkeskommunale anbod.
- Arbeide for at vi gjennomfører prosjekt på ein måte som sikrar meir trafikksikker veg for pengane.
- At Vestland skal bli ein "trafikksikker fylkeskommune".
- Avgrense tap av dyrka mark og naturmangfold ved vegbygging.

370

371 **Arbeidarpartiet vil arbeide mot staten for å:**

- Få mest mogleg samferdslemidlar til fylket
- Sikre forpliktande nasjonale planar for vedlikehald og rassikring av riks- og fylkesvegar, med mål om ei tredobling av rassikringsmidlane til Vestland.
- Forbetre ferjeavløysingsordninga for å realisere modne ferjeavløysings- og – innkortingsprosjekt.
- Realisere ny veg og bane mellom Bergen og Voss (K5).

- 378 • Realisere ein opprusta og ferjefri E39 langs nord/sør-aksen med gode
379 koplingar til andre område i fylket.
380 • Bygge ut eit effektivt og trygt vegnett i Bergensregionen, særleg E39 og
381 Rv555.
382 • Forbetre aust-vest sambanda; E16, E134, Rv15, Rv7.
383 • Utbetre Rv13 for å knytte indre Vestland saman.

384

Eit kollektivtilbod for framtida

385 Norge og Vestland har sett ambisiøse klimamål fram til 2030 og 2050. Bergen er
386 også omfatta av nullvekstmålet for biltrafikk. Auka bruk av miljøvennleg
387 kollektivtransport, tilrettelegging for syklistar/gåande og gjennomtenkt by- og
388 tettstadplanlegging, spelar ei avgjerande rolle for å nå desse måla. Då må det
389 satsast vidare på utvikling av kollektivtransporten i Bergen, der
390 befolkningsgrunnlaget for kollektive løysingar er størst. Utanfor storbyen vil auke i
391 kollektivbruk krevje utvikling av nye og meir treffsikre mobilitetskonsept i samarbeid
392 med kommunane. Gode døme på dette er ringbuss med regelmessige avgangar i
393 dei større tettstadane og bydelane, samt gode tilbod på bestillingsruter i meir
394 spreiddbygde område. Best utvikling får vi dersom sykkelvegar og gangvegar vert
395 sett i samanheng med kollektivtilbodet både i byar og tettstadar.

396

Arbeidarpartiet vil:

- 397 • At Skyss må bli eit fullverdig mobilitetsselskap. Det vil seie å skape
398 samanhang mellom sykkel, bildele tenester, og andre kollektivløysingar utover
399 buss, båt og bane.
- 400 • Gjere det gratis for born opp til og med 12 år på kollektiv på fritida, med mål
401 om gratis kollektivtransport til fylte 16 år.
- 402 • Arbeide vidare med nye billettypar som er tilpassa ein meir fleksibel
403 reisekvardag.
- 404 • Halde fram med å gi studentar lågare pris på periode- og enkeltbillettar.
- 405 • Utvikle nye løysingar som aukar kollektivbruken i distrikta.
- 406 • Sikre at prisen på kollektivreiser ikkje skal auke meir enn generell prisvekst.
- 407 • Forenkle og samkøyre takstsistema mellom tog, buss, hurtigbåt og ferje, og
408 sikre god korrespondanse.
- 409 • Satse på utbygging av gang- og sykkelvegar i samarbeid med kommunane.
- 410 • Sikre at kollektivtransporten framleis skal vere reklamefri.
- 411 • Sørge for at kollektivtransporten er universelt utforma, både kva gjeld
412 haldeplassar, bussar og anna transportmiddel.
- 413 • Bygge Bybanen til Åsane.

414

415

416

417

418 **Arbeidarpartiet vil arbeide mot staten for å:**

- 419 • Få ein større statleg del av store kollektivprosjekt.
- 420 • Sikre minst 70% statleg finansiering av Bybanen.
- 421 • Bygge ut Bergensbanen med mål om reisetid på 4 timer og konkurransedyktig pris.

423 **Sjøtransport og luftfart**

424 Ferje og hurtigbåt er ein avgjerande del av samferdsletilbodet i store delar av
425 Vestland. Eit tenleg ferje- og hurtigbåttilbod som dekker behova til folk og næringsliv
426 er difor nødvendig for å sikre livskraftige lokalsamfunn.

427

428 Hurtigbåtane har i dag store utslepp. I kommande anbod er det difor viktig å gå over
429 til låg- og nullutsleppsløysingar også på hurtigbåtane, samtidig som ein tar vare på
430 eit godt rutetilbod til dei reisande.

431

432 Kortbanenettet for fly er ein viktig og nødvendig del av beredskapen og
433 kollektivtilbodet i distriktet. Vestland Arbeidarparti vil arbeide for at kortbanenettet
434 skal ha eit godt og framtdsretta flytilbod, primært gjennom at alle fem
435 kortbaneflyplassane i fylket vert ein del av staten si FOT-ruteordning
436 (flyrutekjøpsordning).

437

438 Vi vil også arbeide for at vi får ei pilotordning på utsleppsfree fly på kortbanenettet i
439 Vestland.

440

441 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 442 • Stille krav til miljøvenleg drift og fornøya hurtigbåtar i heile fylket.
- 443 • Sjå på moglegheita for fleire lokale hurtigbåtar i Bergensområdet.
- 444 • Vidareutvikle hurtigbåtrutene slik at dei vert ein integrert del av fylket sin
445 kollektivstrategi.
- 446 • Sikre at ferjetilboden er fleksibel i høve til endra trafikkmengd.
- 447 • Ha ferjetilbod som er med på å utvikle velfungerande bu- og arbeidsområde.

448 **Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:**

- 449 • Sikre betre statleg finansiering av ferje- og hurtigbåttilboden som er i samsvar
450 med kostnadsveksten i nye anbod og ved ny teknologi.
- 451 • Sikre, merke og utdjupe skipsleia langs kysten og bygge ut Stad skipstunnel.

452

453

454

455 **Næringsliv og arbeidsliv**

456
457 Arbeid til alle er jobb nummer éin og vår viktigaste oppgåve. Skal vi lukkast med den,
458 må vi utvikle våre eksisterande næringar og legge grunnlaget for nytt næringsliv og
459 ny industri i heile fylket.

460
461 Det grøne skiftet og krav om kutt i klimautslepp krev nye løysingar. Næringslivet i vår
462 region har synt at dei på mange område er verdsleiande og evnar å utvikle ny
463 teknologi som kan møte utfordringane i framtida.

464
465 Høg sysselsetting og eit organisert arbeidsliv er ein føresetnad for eit tillitsbasert
466 samfunn med små skilnader, og legg grunnlaget for finansieringa av den felles
467 velferda vår. Trygge jobbar og ei løn det er mogleg å leve av, er avgjerande for
468 fridomen til den einskilde og for fellesskapet.

469 **Eit seriøst arbeidsliv for alle**

470
471 Arbeidarpartiet har ei grunnleggande tru på at alle arbeidsplassar vert drivne best
472 når dei tilsette vert høyrd og har høve til å medverke i viktige prosessar.

473
474 Utan det organiserte arbeidslivet overlever ikkje samfunnsmodellen vår. Saman med
475 ei sterkt fagrørsle vil vi kjempe mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. I eit
476 arbeidsliv i stadig endring er kompetanseheving og omstilling eit pågåande arbeid
477 som må forankrast i samarbeidsmodellen.

478
479 Arbeidarpartiet seier nei til å privatisere fleire fylkeskommunale tenester. Vi vil
480 avgrense bruken av vikarbyrå og innleige av arbeidskraft i privat og offentleg sektor.

481
482 Dei tilsette i Vestland fylkeskommune skal oppleve å bli møtt av ein seriøs og
483 inkluderande arbeidsgjevar. Arbeidarpartiet vil styrke samarbeidet med tilsette og
484 fagorganisasjonar på alle nivå. Vestland fylkeskommune skal ha ein heiltidskultur og
485 som hovudregel berre lyse ut heile, faste stillingar.

487 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 489 • At Vestland fylke legg seriøsitsbestemmelser i alle innkjøpa sine for å sikre
490 gode og føreseielege arbeidskår for arbeidsfolk,
- 491 • bruke lærlingar i alle fylkeskommunale prosjekt og anbod.
- 492 • auke talet på lærlingar i fylkeskommunale verksemder
- 493 • Sikre gode rutinar for varsling, og oppfølging og ivaretaking av varslarar.
- 494 • Sikre at arbeidstakarane sine pensjonsrettar blir ivaretekne.
- 495 • Vere ein aktiv pådrivar for å sikre at fleire får ta del i arbeidslivet.

- 496 ● At Vestland fylkeskommune bruker VTA-bedrifter der det er mogleg, for å gi
497 alle moglegheit til eit meiningsfylt arbeid.
498 ● arbeide for at alle tilsette i fylkeskommunen får tilbod om heiltidsstillingar.
499 ● Sørge for at det i driftskontraktar som blir sett ut på anbod blir sikra at bedrifta
500 tar over tilsette og lærlingar i samsvar med reglane i arbeidsmiljølova
501 ● Opprette ein eigen og uavhengig LO-koordinator som har som oppgåve å
502 etterleve seriøsitetskrav i anbod og kontraktar.

503

504 **Utvikling og omstilling av næringsliv og industri**

505

506 Klimaendringane gjer at næringslivet i Vestland må omstille seg i ei grønare retning i
507 tett samarbeid med lokale og nasjonale styresmakter. Vestland har alle føresetnader
508 for å lukkast i ei grøn omstilling med dei sterke fagmiljøa i forsknings- og
509 utdanningsinstitusjonar, partane i arbeidslivet og industri- og næringsverksemder
510 som arbeider i lag.

511

512 Mange av klimaløysingane ligg i industrien. Olje- og gassindustrien, maritim industri
513 og leverandørindustrien bygger no det neste energieventyret i Norge. Karbonfangst
514 og -lagring, hydrogen, havvind, batteriteknologi, bioøkonomi og grøn skipsfart kan bli
515 nye store næringar for Norge.

516

517 Arbeidarpartiet vil at Vestland skal vere eit føregangsfolk i det grøne skiftet. Vi vil ta
518 heile fylket i bruk for å lukkast med omstilling og utvikling av næringslivet, og sørge
519 for at næringslivet og det offentlege i Vestland har tilgang på nok arbeidskraft og
520 kompetanse.

521

522 **Vestland Arbeidarparti vil:**

523

- 524 ● Vere ein pådrivar til at industrien og næringslivet i Vestland utviklar grøne
525 teknologiske løysingar for heile verda og sikre kommersiell produksjon av nye
526 teknologiar i eigen region.
- 527 ● gjere Vestland fylke til ein aktiv samarbeidspartner for næringslivet i deira mål
528 om utvikling, innovasjon og utdanning av relevant arbeidskompetanse.
- 529 ● arbeide for eit styrka verkemiddelapparat til etablering av nye verksemder og
530 utvikling av ny teknologi og nye produkt.
- 531 ● styrke regionale næringsklynger og inkubatorar med kompetanse og
532 ressursar til å skape arbeidsplassar.
- 533 ● sørge for digital infrastruktur som stettar behova til næringslivet.
- 534 ● vidareutvikle samarbeidsprogrammet Grøn Region Vestland.

535

536 **Landbruk, reiseliv og havbruk**

537 Vi treng eit sterkt vestlandslandbruk som produserer trygg og god mat. Dette er viktig
538 for mattryggleik, sjølvberging og berekraft. Landbruket gir arbeidsplassar i heile
539 fylket og grunnlag for ei rekke arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien i distrikta.
540 Frukt- og bærdyrking vil vere eit satsingsområde for vår region fordi vi blir rekna for å
541 vere Norge sin frukthage. Vestlandsskogbruket er viktig for lokal verdiskaping og det
542 grøne skiftet.

543

544 Reiselivsnæringa nyttar føremona som naturen vår med fjord og fjell gir av
545 opplevingar frå tilreisande. Næringa har gode føresetningar for å vere ei
546 heilårsnæring som er med på å trygga faste arbeidsplassar. Arbeidarpartiet ser
547 reiselivsnæringa som ei viktig næring for regionen som skal utviklast med merksemd
548 på meir miljøvenlege reiselivsprodukt.

549

550 Vestland er blant dei største sjømatfylka i Norge. Sjømatnæringa bidreg til både
551 sysselsetting, verdiskaping og matproduksjon. Det er ei målsetting å legge til rette for
552 at fangsten vert landa og foredla lokalt. Fiskerifaglege, marine og maritime
553 utdanningstilbod må styrkast. Havbruksnæringa må sikrast gode rammevilkår og
554 legge til rette for berekraftig vekst og utvikling av næringa med fokus på å løyse
555 miljøutfordringane vi har i dag.

556

557 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 558 • Sikre vestlandsbonden gode rammevilkår og legge til rette for nye
559 samarbeidsformer som kan gi rekruttering og optimisme i jord- og
560 skogbruksnæringa
- 561 • Oppretthalde utdanningsinstitusjonar som sikrar jordbruket fagkompetanse i
562 framtida.
- 563 • Vere ein pådrivar i arbeidet med å auke produksjonen av fornybare ressursar
564 frå skog og jordbruk.
- 565 • Støtte eit meir berekraftig reiseliv som sikrar naturmangfald og berekraft
- 566 • Legge til rette for heilårstreiseliv i heile fylket, og styrke verdiskapinga i
567 næringa.
- 568 • Støtte opp om regionale prosjekt som inkluderer kulturinstitusjonar,
569 lokalmattilbod og naturopplevingar i etablering av reiselivsprodukt.
- 570 • Arbeide for å etablere landstraumtilkopling for skip
- 571 • Sørge for fagutdanning etter reiselivet sine behov gjennom vidaregåande
572 opplæring
- 573 • Arbeide for at vidareutvikling av sjømatnæringa skjer på ein berekraftig måte
574 og at fangsten blir landa og vidareutvikla lokalt
- 575 • Følgje opp miljøutfordringar knyttta til sjukdom og rømming i fiske- og
576 oppdrettsanlegg.

- 577 ● Styrke og vidareutvikle Havforskinsinstituttet og Fiskeridirektoratet sine
578 ansvarsområde, og medverke i arbeidet med ny samlokalisering av
579 aktivitetane i Bergen.
580 ● Sørge for god samhandling mellom vidaregåande skule og havnæringa for å
581 bygge kompetanse for framtida.

582

583 **Energi, klima og miljø**

584 Verda har endra seg mykje dei siste fire åra. Europa står i ei akutt
585 energiforsyningskrise, og Norge kan potensielt stå overfor mange år med høge
586 straumprisar og kraftunderskot.

587

588 Samtidig har vi sett klimaendringa herje stadig meir dei siste åra, der konsekvensane
589 blir meir openberre og brutale. Klimaendringane er globale, men årsaka og
590 løysingane er lokale. Difor skal klima vere ramma rundt all politikken vår, og på
591 fylkesnivå.

592

593 Det er behov for å auke kraftproduksjonen i Norge. I Vestland er det òg nødvendig å
594 betre nettkapasiteten, spesielt i Bergensregionen. Vestland Arbeidarparti vil legge til
595 rette for auke i energiproduksjonen, i tråd med miljøkrav og med lokal forankring.
596 Kommunar som seier ja til ny energiproduksjon skal få ein rettferdig del av verdiane
597 som vert skapte.

598

599 Tilgang på rein fornybar kraft har alltid vore eit av vestlandsindustrien sine største
600 konkurransefortrinn. Vestland Arbeidarparti vil at vasskraftressursane skal brukast
601 slik at det også i framtida skal vere grunnlag for industriproduksjon i fylket.

602

603 Fylket har mange urørde naturområde med stort biologisk mangfald. Arbeidarpartiet
604 skal verne om naturmangfaldet og jobbe for meir produksjon av energi med minst
605 mogleg naturinngrep.

606

607 Vestland har alle føresetnader for å lukkast. Målet vårt er eit samfunn der vi utnyttar
608 ressursane våre best mogleg, sikrar naturmangfaldet og aukar kraftproduksjonen for
609 folk og næringsliv.

610

611

612 **Vestland Arbeidarparti vil:**

613

- 614 ● Vere pådrivar for at område langs kysten i Vestland vert opna for offshore
615 vindkraft, i samråd med kommunane og innanfor nasjonale planar, slik at
616 mest mogleg av verdiskapinga skal skje i fylket vårt.

- Arbeide for å oppgradere eksisterande vasskraftanlegg og linjenett for å redusere krafttap og sikre stabil tilgang på straum.
- I hovudsak ikkje gå inn for utbygging av vassdrag som er verna i dag. Utbygging kan unntaksvise vurderast ved nødvendig flaumsikring eller ved nytt kunnskapsgrunnlag om verneføremål.
- Vekte omsynet til naturmangfold og miljøvern tungt når gjeldande vasskraftkonsesjonar skal reviderast.
- Legge til rette for at ny industri og nye bustadområder får eigen energiforsyning, til dømes gjennom fjernvarme eller solceller.
- Fremje tiltak for bedre utnytting av distribusjonsnettet, energieffektivisering (til dømes gjenbruk av spillvarme i industri) og lokal energiproduksjon i heile fylket.
- Fremje krav om dagleg drift og all aktivitet i fylkeskommunen skal skje med klimavenlege løysingar, og halde bruk av råvarer, avfall, utslepp og energiforbruk i fylkeskommunen til eit minimum.
- Redusere klimagassutslepp og bruke ressursane våre betre slik at Vestland er eit føregangs fylke innan sirkulær økonomi.
- Innføre tiltak for å rydde opp og forhindre marin forsøpling, i samarbeid med marine næringar, friluftsråd og andre aktørar.

Vestland Arbeidarparti vil jobbe mot staten for å:

- Få fortgang i sakshandsaminga på kraftnett og slik sikre bedre distribusjon i Vestland fylke, spesielt i Bergensregionen.
- Få lik nettleige i heile landet for å sikre meir rettferdige straumkostnad for både næringsliv og private bustadar.
- Sikre at større delar av inntektene frå vindkraft på land skal gå til vertskommunen, blant anna gjennom ei auke i skatt og produksjonsavgift

644 Kultur, idrett og frivilligheit

Kultur og språk

Vestland har eit breitt og mangfaldig kulturliv, frå dei store institusjonane til dei små nisjeaktørane. Arbeidarpartiet meiner at amatørkulturlivet og det profesjonelle kulturlivet er avhengig av kvarandre, og vi vil vidareutvikle dette.

By og land skal gå hand i hand, og alle skal ha eit godt kulturtilbod å gå til uavhengig av kor ein bur.

653 Vestland er ein viktig region for språkmangfald, mellom anna med sterke
654 nynorsktradisjonar og som heim til fleire dyktige forfattarar. Vi har eit nasjonalt
655 ansvar for å styrke nynorsken sin posisjon i Norge.

656
657 Bergen er motoren til kulturlivet i Vestland og den einaste byen som kan konkurrere
658 om å vere den andre kulturbyen i Norge etter Oslo. Bergen skal vere det andre
659 kulturelle hovudpunktet i Norge, med blikket retta utover landegrensene våre.
660

661 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 662 • Støtte arbeidet med å samle det frivillige kulturfeltet under ein paraply, til
663 dømes Amatørkulturrådet Vestland.
- 664 • Senke terskelen for deltaking for særleg barn, unge, eldre og minoritarar i
665 kulturlivet, ved å innføre rabattordningar, støtte prosjektarbeid eller liknande.
- 666 • Vidareutvikle folkebiblioteka saman med kommunane for å gjere dei meir
667 tilgjengelege for fleire og for å sikre eit variert og godt bibliotektilbod i heile
668 fylket.
- 669 • Sjå på moglegheitene for at fylkeskommunen kan samarbeide med dei
670 kommunale kulturskulane om å gje eit regionalt fordjupingstilbod til
671 kulturskuleelevarane, og sikre betre tilbod lokalt i kommunane.
- 672 • Fremje vestnorsk språk, litteratur og kultur ved å styrke nynorskscenene,
673 litteraturhusa og det breie litteraturfeltet.
- 674 • At nynorsk skal vere administrasjonsspråket i fylkeskommunen, og at
675 Vestland fylkeskommune aktivt skal fremje nynorsk i samfunnet.
- 676 • Satse vidare på den breie og varierte kulturelle infrastrukturen i Vestland, ved
677 å samarbeide med kommunane og staten om opprettinga og utviklinga av
678 kulturarenaer i heile fylket.
- 679 • Vidareutvikle musea ved å vurdere vidare samanslåingar, og særleg auke
680 tilskotet til underfinansierte institusjonar.
- 681 • At Bergen skal vere Norge sin fremste kulturby og kulturell motor i Vestland,
682 og støtte arbeidet med Bergen som Europeisk kulturhovudstad i 2036.
- 683 • Styrke festivalfylket Vestland, ved mellom anna å sikre deling av kompetanse
684 og ressursar.
- 685 • Arbeide for betre vilkår for frilansarar, kunstnarar og det profesjonelle
686 kulturlivet i Vestland.

687
688 **Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:**

- 689 • Sikre at Bergen blir det andre kulturelle tyngdepunktet i Norge.
- 690 • Sikre rettvise statlege tilskot til kulturinstitusjonar i Vestland.

691
692
693
694

695 **Kulturmiljø og fartøyvern**

696 Vestland har ei breidde av kulturminne som representerer fleire delar av den felles
697 historia vår. Vestland Arbeidarparti vil styrke arbeidet med kulturminnevern og den
698 immaterielle delen av kulturarven saman med musea og frivillig sektor. Vestland har
699 Norge si største flåte med verna- og freda fartøy og har ei nasjonal oppgåve i
700 formidling av flytande kulturminne og kystkultur.

701

702 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- Styrke det frivillige regionale kulturminnevernet.
- Oppretthalde satsinga på kystkulturen og styrke fartøyvernet ved mellom anna å betre den frivillige rekrutteringa.

706

707 **Idrett og friluftsliv**

708 Idretten er hjørnestenen i livet for veldig mange, uavhengig av alder. For barn er
709 spelegleda på fotballbana eller badmintonbana sjølve drivkrafta i livet, medan
710 foreldre er frivillige og arrangerer cupar og bidreg med planlegginga av den nye
711 idrettshallen. Frivilligheita skal dyrkast og styrkast, og fylkeskommunen skal spele på
712 lag med dei frivillige i Vestland.

713

714 Når anlegga er der, kjem aktiviteten. Det same gjeld større arrangement, som skaper
715 idrettsglede og samhald. Difor er utvikling av anlegg og støtte til idrettsarrangement
716 svært viktig for å sikre meir og variert fysisk aktivitet i store og små lokalsamfunn.

717

718 Samtidig kan vi sjå at fleire er inaktive og er heime, og fleire ønsker å drive med
719 eigenorganisert aktivitet. E-sport og gaming er ein stor del av liva til mange, og det er
720 såleis viktig at vi sikrar gode organiserte rammer rundt dataspel, slik vi gjer no med
721 ein egen e-sportstrategi. Fylkeskommunen må òg arbeide for andre typar arenaer for
722 aktivitet ved offentlege bygg og anlegg.

723

724 Friluftslivet veks, særleg etter koronapandemien. Naturen er friluftslivet sin arena, og
725 fylkeskommunen må støtte oppunder arbeidet friluftsorganisasjonane gjer for å gjere
726 naturen meir tilgjengeleg for fleire.

727

728

729 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- Styrke den lokale frivilligheita rundt idrett og fysisk aktivitet gjennom samarbeid med idrettskrinsen og ved bruk av tilskotsordningar.
- Nyte tilskotsordningar og andre verkemiddel for å gi fleire moglegheita til å delta i idretten og friluftslivet og til å vere aktiv i kvardagen.

- 734 ● Halde på og bidra til å utvikle mangfaldet av idrettsgreiner i samarbeid med
735 idretten.
- 736 ● Auke tilskotet til idrettsarrangement i Vestland og vere med på å auke og dele
737 kompetanse innanfor arrangement.
- 738 ● Støtte friluftsorganisasjonane sitt arbeid med å rekruttere frivillige og
739 organisasjonane sitt arbeid med tilrettelegging for deltaking i friluftslivet.
- 740 ● Arbeide for fotballbaner frie for gummigranulat i samråd og samarbeid med
741 baneeigarar og idretten.
- 742 ● Vidareutvikle Idrettsklynge Vest.
- 743 ● Oppretthalde satsinga på e-sport og gaming.
- 744 ● Støtte arbeidet med gode og sunne fysiske fellesskap for folk i alle aldrar.
- 745 ● Saman med idrettsrørsla vere med i arbeidet med å gjere idretten endå
746 tryggare og meir inkluderande for alle.

747

748

749 **Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:**

- 750 ● Redusere ventetida mellom godkjent spelemiddelsøknad og utbetaling av
751 midlane i Vestland.
- 752 ● Auke spelemidlane til strategisk viktige idrettsanlegg.
- 753 ● Auke tilskota frå staten til friluftsråda sitt arbeid for å ta vare på statlege sikra
754 friluftsområde.

755 **Frivilligkeit og demokrati**

756 Sivilsamfunnet er ein grunnstein for eit moderne demokrati. Mangfaldet av små og
757 store organisasjonar er viktige for auke deltakinga i samfunnet, for å fremje
758 samfunnsengasjement og for å gjere frivillig samfunnsnyttig arbeid. Barn, unge,
759 vaksne og eldre finn fellesskap og meiningsdeling i frivillige organisasjonar. Det vil
760 Arbeidarpartiet verne om.

761

762 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 763 ● Auke tilskota til barne- og ungdomsorganisasjonar.
- 764 ● Oppretthalde tilskota til regionale ungdomsparti.
- 765 ● Arbeide vidare med å gjere alle fylkeskommunale bygg og anlegg gratis og
766 tilgjengeleg for frivillige organisasjonar.
- 767 ● Ikkje gje tilskot til organisasjonar som bryt likestillings- og diskrimineringslova, og
768 som ekskluderer kvinner, minoritetar, skeive eller andre frå å delta på noko vis.

769

770 **Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:**

- 771 ● sikre at ikkje kostnadene med sikkerheit ved demonstrasjonar og
772 arrangement skal bli for høge for frivillige organisasjonar.

773 **Inkludering og mangfold**

774 Målet til Arbeidarpartiet er at alle skal ha moglegheit til å delta og til å lukkast. Difor
775 er inkluderingsperspektivet gjennomgåande i alt vi gjer. Uavhengig av kor du kjem
776 frå, kva du trur på eller kven du elskar, skal samfunnet vere ope og gje deg
777 moglegheiter.

778

779 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- Arbeide med ein plan for inkludering og deltaking, som skal nytte alle delar av offentleg sektor for å få fleire ut i utdanning, arbeid og frivilligheit.
- Satse vidare på mentor- og traineeordningar slik at fleire med minoritetsbakgrunn får opna dørene inn til arbeidsliv og næringsliv.
- Stimulere kulturliv, idrett og frivilligheita til å sikre eit større mangfald på scena og i publikum, utan å bryte prinsippet om ei armlengds avstand.
- Sørge for at fleire fritidsaktivitetar blir tilrettelagt for alle, slik at barn med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdomar kan delta.
- Sikre reell medverknad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og andre interesseorganisasjonar og sikre reell universell utforming i fylkeskommunale byggeprosessar.

791

792 **God tannhelse for alle**

793 Tannhelse er ein viktig del av folkehelsearbeidet. Difor må vi sikre at det offentlege tannhelsetilbodet er tilgjengeleg i alle delar av fylket. For å få til dette er vi avhengig 794 av at fleire vel tannlegeyrket, og det må jobbast aktivt og langsiktig med rekruttering 795 til yrket. Sterke fagmiljø og kompetansesenter er avgjerande for den vidare utviklinga 796 av tannhelsetenesta og for utvikling av ny teknologi innanfor området. Vi skal legge 797 til rette for at alle som har rett til tannbehandling gjennom det offentlege får det.

799

800 Vestland Arbeidarparti skal arbeide for at tannhelsetenesta blir likestilt med anna 801 helseteneste, slik at personleg økonomi ikkje blir avgjerande for om ein har råd til 802 tannbehandling eller ikkje.

803

804 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- Oppretthalde et godt tannhelsetilbod i alle delar av fylket.
- Ha søkjelyset på rekruttering av tannlegar til distriktet gjennom gode praksisordningar og informasjon til tannlegestudentane.
- Vidareutvikle kompetansesentera og bidra til utvikling av ny relevant teknologi.
- Arbeide mot staten for at tannhelsetenestene blir likestilt med anna helseteneste.

812

Trygg styring for eit sterkare Vestland

813

Trygg styring for eit sterkare Vestland

814

815 Trygg økonomisk styring er ein føresetnad for at vi skal nå dei overordna måla våre.
816 I usikre tider skal dette sikre velferda vår.

817

818 Politikarane må vise moderasjon. Godtgjersla til folkevalde skal samtidig legge til
819 rette for demokratisk deltaking for flest mogleg. Leiarlønningar til administrativt
820 tilsette skal vere konkuransedyktige, men ikkje lønsleiande.

821

822 Arbeidarpartiet meiner at Vestland fylkeskommune er så stor og omfattande at den
823 politiske styringa må styrkast gjennom parlamentarisme eller ein
824 formannskapsmodell med meir politisk styring.

825

826 I Vestland har vi vist at når ein gir fylkeskommunen fleire oppgåver, så løyser vi dei
827 betre enn staten. Vi har kompetansen og storleiken til å ta over fleire oppgåver.
828 Oppgåver som best vert løyste på eit regionalt nivå, bør flyttast til fylkeskommunen.
829 Slik kjem makta nærrare folk.

830 Eit samla Vestland skapar ein slagkraftig region. Difor opnar Arbeidarpartiet for å
831 samle heile Vestlandet i eitt fylke.